

Hella, 1/10 - 2013

Kommentar til søknad om byggeløyve av båtopptrekk i Naustvågen på Hella i Radøy kommune.

Staden der noverande båtopptrekk ligg har vore brukt til båtopptrekk i generasjonar. Den første støpte plata blei laga på 1970-talet. Opptrekket har sidan dette vort utbetra og utvida før den nye reguleringsplanen vart laga. Men det har dessverre aldri vore søkt om byggeløyve. Difor gjer vi no dette.

Støpeplata på opptrekket har vorte skada under anleggsperioden på Sjåneset og treng no reperasjon og vedlikehald. I samband med dette ynskjer vi no også å justere litt på opptrekket slik at det vert meir tenleg etter dagens behov.

Det "gamle" opptrekket er berre 3m breidt. Dette er litt smalt for båtvogn på 2,5m. Vi ynskjer å fylla litt ut i den kilen som no er blitt mellom opptrekket og kaikanten på vestsida (med opp til 3m). Så ynskjer vi å utvide med ca1m øvst på den andre sida , ved overgang til veg. Sjå skisse!

Profilen er ca. 11 grader, og lengde opp til veg ca. 9m.

Vi oppnår med dette :

- Mykje større svingradius
- Større avstand til flytebryggja
- Større breidde slik at det vert meir tenleg.

Mvh Kirsti og Tore Morland

*Kirsti S. Morland
Tore Morland*